



KOMMUNEPLAN FOR VIK KOMMUNE 2013-24

SAMFUNNSDELEN

Del 2 Handlingsplan 2013- 16

A Generelt.

B Tiltak i handlingsplanperioden.

(kap. nr som i del 1 av samfunnsdelen)

- 4.0 Samferdsel og kommunikasjonar
- 5.0 Vik Kommune.
 - Økonomi og organisasjon.
- 6.0 Offentlege tenester
- 7.0 Næringsutvikling og bygdeutvikling.
- 8.0 Folkehelse og levekår.
- 9.0 Kultur og fritid.
- 10.0 Bruk og vern av natur og kulturmiljø
- 11.0 Samfunnstryggleik og beredskap.

A. Generelt.

Kommuneplanen har 2 hovuddeler:

Samfunnsdel og arealdel .

Samfunnsdelen har ein *langsiktig del* (12 år)

og ein *kortsiktig del*(4 år): *handlingsplan* .

Handlingsplanen gjev rammer og føringar for 4-årsperioden, og eit oversyn over prioriterte tiltak .

Årleg rullering:

Handlingsplanen skal rullerast årleg i samsvar med § 11-4:

Kommunen skal henta inn synspunkt frå statlege og regionale organ , og andre som har ansvar for gjennomføring av tiltak i handlingsplanen.

Framlegg til vedtak i kommunestyret skal kunngjerast min. 30 dagar før handsaming.

Revisjon:

Behov for revisjon av handlingsplanen skal vurderast kvart 4.år i *kommunal planstrategi*.

For revisjon gjeld pbl. § 11-12 til15.

Vedtak i Vik kommunestyre
18.12.2012



B Tiltak i handlingsplanperioden 2013-16

Under følger ei oppstilling over prioriterte tiltak i 4-årsperioden.

Nummerering av kapittel er vidareført frå langsiktig del i samfunnsdelen.

Nummerering er til bruk som referanse, og er ikkje uttrykk for prioritering.

Økonomiplan og årsbudsjett legg til grunn føringar som er gjevne i handlingsplanen.

4.0 Samferdsel og kommunikasjonar

Tiltak under dette kapittelet er i stor grad avhengig av statlege/fylkeskommunale vedtak og løyvingar.

Folkevalde i Vik skal med støtte i administrasjonen arbeida for at tiltak lista opp nedanfor vert gjennomførde/oppstarta i 4-årsperioden.

R: Rådmannen F: Folkevalde * : Arbeid oppstarta/under oppstart. Pågår så lenge det trengst.

Nr	Tiltak	Ansvar	Tid/start
1	Riksveg 13: Vikafjellstunnellen og rassikring i Galden inn i NTP 2013-23.	F/R	*
2	Auka ferjefrekvens og nattferje Vangsnes/Hella/Dragsvik.	F/R	*
3	Sikra vidare drift av båtruta Vik –Ortnevik på nivå som i dag	F/R	*
4	Fylkesvegar: - Rassikring av FV 92. - Opprusting av FV 181 i Feios.	F/R	*
5	Arbeida regionalt for båtrute i indre basseng i Sognefjorden.	F/R	*
6	Utarbeida <i>strategiplan for informasjonsteknologi</i> . Starta arbeid for fiberbasert breiband til alle sokn .	R	2013
7	Oppstart av planarbeid for opprusting av RV 13 Vik-Vangsnes, inkludert gang- og sykkelveg	F/R	*
8	Tiltak langs RV13 i Vik/Flatbygd. Gang/sykkelveg Gildhus – Voll. Nytt buss – og infostopp sør for Gildhus.	F/R	*
9	Oppstart planarbeid for «miljøprioritert gjennomkøyring» i Vik sentrum. Samarbeid med Statens Vegvesen	F/R	2014/15
10	Fylkesveg 121. Planarbeid for endra trase Vange Bru-RV13. Samarbeid med Statens Vegvesen	F/R	2014/15
11	Tiltak for mobildekning i heile kommunen.	F/R	*

5.0 Vik Kommune. Økonomi og organisasjon.

Vik Kommune har lite økonomisk handlingsrom i 4-årsperioden, i hovudsak på grunn av nedbetaling av akkumulert gjeld.

1. Nedbetalingsplan for akkumulert gjeld skal fylgjast.
2. Organiseringa og bemanninga av den kommunale organisasjonen skal vurderast og tilpassast økonomisk handlingsrom, nye krav til fagkompetanse og rekruttering som fylgje av naturleg avgang. Lovpålagde tenester og tilbod skal ha prioritet.
3. Investeringar styrast i hovudsak mot fylgjande tiltak:
 - kostnadsreducerande tiltak
 - tiltak med stor grad av ekstern finansiering
 - tiltak innan sjølkostområdet.

6.0 Offentlege tenester og tilbod.

6.1 Omsorg og helse.

Hovudutfordring på kort sikt er tilpassing til og oppfølging av Samhandlingsreforma.

Ny delplan vil ta stilling til korleis desse utfordringane skal løysast .

Det hastar å få på plass ny legevaktordning.

Det er i perioden ikkje grunn til å venta vesentleg endra behov for helse- og omsorgstenester.

R: Rådmann OH: Omsorg/helse

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Utarbeida ny kommunedelplan Helse og omsorg	R/OH	2013
2	Planlegging og bygging av nye PU-bustader i to byggesteg: 7stk + fellesaeal nord for VBS. 4stk i separat anlegg	R/OH	2013/14
3.	Starta planarbeid for opprusting og ombygging av VBS	R	2013
4	Ny legevaktordning	POL/R	2013
5.	Prosjekt for kompetanseheving og rekruttering i helse- og omsorgstenesta.	R/OH	2013/14

6.2 NAV. Arbeid og velferdsytningar. Sosialhjelp.

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	NAV skal i samarbeid med Vik Kommune utarbeida ein <i>Bustadsosial handlingsplan.</i>	NAV R	2013
2	Prosjekt <i>Bustader for vanskelegstilte.</i> NAV og Vik kommune skal starta eit planarbeid med tanke på å få bygd minst 10 bustader i 4-årsperioden.	NAV R	2013/14
3	NAV Vik skal vera ein aktiv part i <i>Prosjekt for innflytting/innvandring og integrering.</i> NAV vil bidra med opplegg for tilpassa norskopplæring for alle, god kartlegging av kompetanse og arbeidsevne.	NAV R	2013
4	Arbeid for å førebyggja og lindra rusksadar skal halda fram i samsvar med vedteken delplan for rusomsorg.		

6.3 Oppvekst. Skule og barnehage.

For Flatbygdi skule, og oppvekstsentra i Valsvik, Vangnes og Feios er det venta berre mindre endringar i barnetal i 4 årsperioden. For Fresvik oppvekstsenter er det venta redusert elevtal. Venta utvikling i elevtal/klassetal i perioden tilseier ikkje behov for vesentleg endra økonomiske rammer for den pedagogiske verksemda samla sett.

R: Rådmann O: Oppvekst

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Temaplan for oppvekstområdet.	R/O	2014
2	Skulebruksplan for eks. skule/oppvekstanlegg. Vurdering av behov for nybygg/utbetring/endringar av bygningar og uteanlegg på kort og lang sikt.	R/O	2014
3	Sikra trygge areal for evt. utbygging av Vik Barnehage. Ny tilkomstveg og opprusting av uteområde.	R	2013
4	Barnevernet i Vik kommune. Utgreiing om deltaking i interkommunalt samarbeid	R/O	2013
5.	Plan og tiltak for rekruttering og kompetanseutvikling i oppvekstsektoren.	O	2013
6.	Gjera borna kjende med lokal kulturarv gjennom aktiv bruk av materielle og immaterielle kulturminne. Ivareta og styrka nynorsken sin stilling i undervisninga.	O	2013-
7.	Auka fokus på sunt kosthald og fysisk aktivitet i skule- og barnehagekvardagen.	O	2013-

6.4 Teknisk Infrastruktur. VVA, renovasjon.

R: Rådmann T: Teknisk/drift N: Næringssjef

	Tiltak	Ansvar	Tid
	Bygningar og anlegg. Ein del kommunale bygningar og anlegg er omtalt i andre avsnitt, og vert ikkje omtalte her. Det gjeld m.a. VBS og skular/oppvekstsentra.		
1	Det skal utarbeidast ein samla oversikt over alle kommunale eigedomar, som grunnlag for forvaltning.	R/T	2014
2	Det skal utarbeidast ein <i>skjøtselsplan</i> for grøntareal som kommunen eig/driftar.	R/T	2014
3	Bustadfelt Tråna 2, Vangsnes Detaljplanlegging, prosjektleiing	T	2013/14
4	Gjennomgangsbustader og bustader for vanskelegstilte. Prosjektleiing og byggeleiing.	R/T	2014/15
5	Eldhuset. Utgreiing om driftsform og evt. oppgradering .	N/T	2013
6	Flaumsikring Steimselvi.	NVE/T	2016
	Vegar		
11	Fast dekke på kommunale vegar. <i>Plan vegforvaltning, bruer og kaiar</i> vert lagt til grunn for framdrift.	T	2013-
12	Omlegging/avvikling av kommunale vegstrekningar skal vurderast med tanke på å spara kostnader.	R/T	2013
	Vassverk		
21	Vangsnes vassverk. Oppgradering. Dam Høgretjønn m.m.	T	2013/14
22	Planlegging og bygging av hygienisk barriere 2, Vik og Bødalen Vassverk .	T	2015/16
	Avløp		
31	Avløpsanlegg Havnen	T	2012/13
32	Avløpsordning Fresvik. Hovedledning Høgheim-Grundeland- utslepp i fjorden. Planlegging og utføring	T	2013
33	Rehabilitering av avløpsnett Prestberget	T	2014
34	Området RV13-Hopra frå Grov til sjøen. Plan for fornying av nett for avløp og overflatevatn Gjennomføring av tiltak.	T	2015/16
35	Vidareføring av avløpsanlegg opp Bødalen. Planarbeid	T	2016

6.5 Plan- og forvaltning.

Oppstilling nedanfor over prioriterte plantiltak m.m. kjem i tillegg til faste oppgåver med forvaltning og sakshandsaming av plan og byggesaker, kart og oppmåling, rådgjeving m.m.

R: Rådmann P: Plan og forvaltning T: Teknisk/drift

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Reguleringsplanar: Vik kommune har eit stort tal eldre/utdaterte reguleringsplanar som er ueigna til å styra arealbruken. Prioriterte område for nyregulering i kommunal regi er område med størst byggepress: Vik og Vangsnes. Rådmannen legg opp program for reguleringsarbeid innafor rammer gjevne i handlingsplan og budsjett. Ein del aktuelle planar er lista opp under.	R/P	
1.1	Vangsnes : - Tråna 2. Ferdigstilling - Vangsnes. Område for Industri/næring. - Vangsnes sør. Nytt bustadområde sør for skulen.	P	2013/14
1.2	Vik: - Galilea/Prestgarden og/eller Øenmarka. Detaljreguleringsplan for konsentrert bustadbygging. - Hesjaslette. Masselager og kompostplass - Næring/Industriområde . Vetløyri-Vange bru. - Sagaflaten. Naustområde - Sjøfronten: Vetløyri og Havnen. - Vik sentrum aust. Vikøyri	P/R	2013-15
1.3	Feios. Bustadområde Rinde 3	P	2015
1.4	Fresvik sentrum. Nye areal for bustader og næring.	P	2015
2	Kommunedelplanar		
2.1	Delplan småkraftverk	R	2014
2.2	Delplan kulturminnevern	P	2013
2.3	Plan for Fjellheimen Villreinområde. Interkommunal delplan.	R/P	2013
3	Diverse. Utreiingar/m.m.		
3.1	Prosjekt «Utvikling rundt kulturminne». Ferdigstilling. Vikøyri Strandpark og Sylvringen	P/T	2013
3.2	Adresseprosjekt	P	2013
3.3	Digitalt VA-kart og oppdatert digitalt eigedomskart .	P/T	2013/14
3.4	Utreiing rasfare Hopperstadmarki/Prestberget. Kontrahering/styring.	P/T	2013
3.5	Kontroll av private avløpsanlegg	P	2013/14

7.0 Næringsutvikling og bygdeutvikling.

Vik Kommune har frå hausten 2011 tilsett nærings sjef i heil stilling, for å styrka arbeidet med næringsutvikling.

Samarbeid med privat næringslivet er frå 2012 formalisert i Vik Næringsforum.

Kraftfondet får årleg tilført konsesjonsavgifter på ca 6mill kr og er øyremerka næringsutvikling.

R: Rådmann N: Næring P: Plan og forvaltning F: Folkevalde

	Tiltak	Ansvar	Tid
1.	Strategisk næringsplan for Vik kommune	N/R	2012/13
2	Prosjekt for tilflytting: «Velkomen til Vik» Utarbeida forprosjekt. Etablera prosjektorganisasjon. Finansiering. Partar: Vik Kommune, NAV, fylkeskommunen, næringsliv og organisasjonar. Min.5 år	R	2013-
3	Bygdeutviklingsprosjekt Arnafjorden og Fresvik. Prosjektplan. Finansiering. Organisering. Oppstart Partar: Bygdelaga, Vik Kommune, fylkeskommunen	N	2013-
4	Fiberbasert breiband til alle sokn. Oppfølging av ny delplan.	R	2013-
5.	Utgreiing om etablering av <i>næringshage</i> i Vik og øvrige sokner.	R/N	2013
6.	Plan for utviklingsarbeid i landbruket. Samarbeid mellom Vik Kommune og aktørar/organisasjonar i næringa: - Satsing på Skogbruk. Feiosprosjektet m.m. - Satsing på bær og frukt. - Satsing på sau	R/P	2013-
7.	Greia ut potensiale for næringsutvikling på grunnlag av mineralressursar i kommunen:	N	2015
8	Etablering og oppstart av <i>prosjekt reisemålsutvikling del 2: Strategisk plan for utvikling av Vik som reisemål..</i>	N	2013/14
9.	Prosjekt Sportsturisme i Vik. Samarbeid med Vik Aktiv om næringsutvikling rundt etablerte idrettsanlegg og natur i Vik	N	2013-
10	Arbeida for fleire statlege arbeidsplassar i Vik knytt opp mot Vik Fengsel	F	

8.0 Kultur, idrett og fritid . Kyrkja

R: Rådmann T: Teknisk/drift P: Plan og forvaltning F: Frivillige lag NL: næringslivet

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Revisjon/ajourføring av kulturbyggplan.	R	2013/14
2	Utvikla /vidareføra Gamalostfestivalen. Etablere haustmarknad som årvisst arrangement.	R/F+NL	
3	Etablere avis for Vik. I samarbeid med næringsliv og frivillige org.	R/F+NL	2013/14
4	100 årsmarkering for Fridtjov-statua m. Fridtjovspelet m.m.	R/F	2013
5	Sikra areal for viktige badeplassar, og utarbeida plan for opparbeiding.	R/T/P	2013/14
6	Turstiprosjekt. Samarbeid med bygdslag, turlag og idrettslag. Utbedring/opparbeiding og merking av prioriterte turstiar. Sti- og løypeplan skal inngå i delplan idrett og friluftsliv frå neste revisjon.	R/F	2013-
7	Samla Plan for vedlikehald/ utbetring av kyrkjene og kyrkjegardane.	Kyrkja	2013
8.	Vik Aktivitetspark. Samarbeid Vik Kommune- Vik IL.	R/F	2013-15
9	Skytebane Svillangsmýri. Planlegging og avklaring av grunnspørsmål.	R/F	2015/16
10	Greia ut etablering av Frivilligsentral.	R/F	2013

9.0 Folkehelse, likestilling og universell utforming.

FK: Folkehelskoordinator R: Rådmann T: Teknisk/drift P: Plan og forvaltning

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Vidareføra stilling som folkehelsekoordinator. Plan for folkehelsearbeidet i kommunen.	R	2013/16
2	Folkehelse skal vera eit viktig omsyn i ny delplan helse og omsorg.	R/O	2013
3	Registrere status for Universell utforming /tilkomst i alle offentleg tilgjengelege bygg og viktige næringsbygg, Som grunnlag for tiltak.	R/FK	2013
4	Råd for funksjonshemma , Eldrerådet, og Repr. for barn og unge skal involverast i alle plansaker som vedrører deira interesser.	P/FK	
5	Tiltak og opplegg for å rekruttere fleire menn til barnehagane skal inngå i planar for oppvekstområdet.	R	
6	Vik skal ha eit godt opplegg for norskopplæring for innvandrar, så langt råd på nynorsk. Dette skal vera ein viktig del av tilflyttingsprosjektet »Velkomen til Vik», for å letta deltaking og god integrering.	R/NAV	2013

10. Bruk og vern av natur og kulturmiljø

R: Rådmann T: Teknisk/drift P: Plan og forvaltning

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Verna område. Naturmangfald		2013/14
1.1	Arbeida for større grad av lokal forvaltning av verneområde.	P/R	
1.2	«Verdsarvkommunen Vik». Prosjekt for informasjon og skilting rundt verneområde, og profilering av Vik som verdsarvkommune.	R	2014
2	Vasskraft		
2.1	Oppstart, kommunedelplan for vasskraft	R/P	2014
4	Vassdirektivet. Vasskvalitet og ureining.		
4.1	Oppfylging av prosjektplan. Registrering av tilstand i utsette vassdrag: Hopra, Vikja, Dalselvi.	P/T	2012/13
4.2	Oppstart avløpsanering langs Hopra.	T	2013
4.3	Avvikla ulovlege avfallsplassar og ureinande verksemd langs vassdrag.	R/P	2013-
4.4	Reisa krav om vilkårsrevisjon av kraftkonsesjonar.	P/R	2013
6	Villreinstamma		
6.1	Slutføring av interkommunal plan for Fjellheimen villreinområde.	R/P	2013
7	Mineralressursar. Massetak og deponi		
7.1	Plan for avslutning av massetak på Vange Vik.	R/P	2013
7.2	Registrera eks. massetak, og påleggja eigar å avvikla eller søkja godkjenning.	R/P	2013
7.3	Etablera massedeponi og deponi for hageavfall for 9hovudsoknet. Området Hesjaslette skal utgreiast.	R/P/T	2013
7.4	Avklara plassering og bidra til å etablere massedeponi og deponi for hageavfall i Fresvik, Feios, og Arnafjorden.	R/P/T	2014-
8	Energi og klima		
8.1	Fylgja opp delplan klima- og energi.	R	
9	Kulturminne og kulturmiljø		
9.1	Ferdigstilla delplan for kulturminnevern. Fylgja opp med tiltak. Styra tilskotsmidlar mot prioriterte objekt/tiltak.	R/P	2013-

11. Samfunnstryggleik og beredskap.

R: Rådmann T: Teknisk/drift P: Plan og forvaltning F: Folkevalde

	Tiltak	Ansvar	Tid
1	Arbeida for rassikring av Riks- og fylkesvegar	F/R	2013/14
2	Skredfarevurdering av området Hopperstadmarki/Prestberget.	R/T	2013
3	Flaumsikring av Steimselvi. Planarbeid	R/T	2016
4	Rassikring av Vetløyri. Planarbeid	R/T	2016
5	ROS- vurdering for heile kommunen. Revisjon av <i>temaplan beredskap</i> .	R	2013